

PROGRAM Naustdal Spelemannslag til Skottland 2014



PROGRAM

Laurdag 30.august

Avreise Bergen Lufthamn kl. 20.40 - ank. Edinburgh kl. 21.05 med DY1456

Transferbuss tek gruppa til Park Hotell, Kilmarnock. www.theparkhotelayrshire.co.uk. På dette hotellet skal de bu i to netter.

Ankomst Park Hotell i Kilmarnock ca. kl 23.00

Ved ankomst Park Hotell vil de få servert suppe og sandwich.

Søndag 31.august

Frukost kl. 09.00.

Bussavgang kl. 10.00 frå hotellet til Vikingfestivalen i Largs.

Largs ligg ca. 45 min å køyre frå Kilmarnock.

Denne dagen er Vikingfestivalen på programmet.

Gruppa skal underhalde som ein del av det offisielle programmet på festivalen.

De er sett opp til å underhalde to gonger kl. 14.00 til 14.30 og frå kl 15.30 til 16.00

På kvelden er det retur tilbake til hotellet. Denne kvelden har vi ikkje lagt inn middag i programmet.



Måndag 01.september

Frukost kl. 08.00.

Bussavgang kl. 09.00.

Vi sjekkar ut frå Park Hotell og startar på ei 3 dagar lang rundreise. Vi har med eigen buss og sjåfør i tillegg skandinavisk talande guide som møter gruppa i Glasgow kl. 10.00 ,og er med oss på rundreisa.

Vi reiser nordover via Glasgow, og vidare til Duntoyne, der de kan legge inn eit besøk på Glenoyne

Distillery. The Glengoyne Distillery ligg i ein skogkledd dal i den sørlege høglandet i Skottland nær ei lita elv som renn ut i den berømte Loch Lomond. Brenneriet, som har namnet sitt frå "Glen Guin" eller Glen of the Wild Geese, har produsert en eksepsjonell single malt Scotch whisky i nesten 200 år.



Vidare dreg vi til Tarbet, der det er mogeleg å ta ein time sightseeing cruise på Loch Lomond. Denne ferskvanns innsjøen er 39 km lang og på det djupaste er den 190m. Dette er også den største innsjøen i areal i Storbritannia.

Deretter set vi kursen vidare nordover til Fort William.

Fort William ligg nær opp til Ben Nevis (Storbritannia sitt høgaste fjell) og er den største byen i det skotske høg fjellet. Er det nokon som vil til toppen av dette fjellet, går det ein sti opp til toppen , som starter ikkje langt frå byen.

Vi tek inn på Alexandra hotell for middag og overnatting. www.strathmorehotels.com

Middag kl. 19.30

Tysdag 02.september

Frukost kl 08.00.

Vi tek farvel med Fort Williams og reiser vidare mot Perth der vi skal overnatte .

Turen går via Blair og Pitlochry. Blair Atholl er ein liten landsby i Perthshire, Scotland (Blei i 2008 lagt inn under Cairngorms National Park) Her må de legge inn eit besøk på Blair Castle, der finn de 700 år med skotsk historie fordelt på 30 rom. www.blair.castle.co.uk/visit_castle.cfm

Her kan de også besøke Blair Atholl Distillery - besøkssenter og Whisky utsal.

<http://www.blairatholl.org.uk>

Pitlochry I Perthshire er inngangsporten til det skotske høglandet. Det er ein populær by med flott natur og Skottlands minste destilleri.

Tour of Edradour Distillery i Pitlochry [http://www.secret-](http://www.secret-scotland.com/Attractions/edradour-distillery.html)

[scotland.com/Attractions/edradour-distillery.html](http://www.secret-scotland.com/Attractions/edradour-distillery.html)

Ankomst Perth på ettermiddagen. Dersom de finn tid kan de besøke Scone Palace www.scone-palace.co.uk Vi tek inn på Royal George Hotel for middag og overnatting.

Middag kl. 19.30

Onsdag 03.september

Frukost kl. 07.00

Bussavgang kl. 08.00

Etter frukost går turen frå Perth vidare til Edinburgh, der gruppa får ein ½ dags bysightseeing.

Frå kl. 13.00 til 13.45 har vi fått plass for gruppa til å opptre på Edinburgh Castle.

Etter dette tek bussen dykk til Kings Manor hotel for innsjekk.

Resten av ettermiddagen på eiga hand.

Kl. 18.15 blir de henta av buss som tek dykk til Jamie Scottish Banquet kveld på Thistle Hotel.

Ein kveld med tradisjonell skotsk underhaldning med sekkepiper og skotsk tradisjonell dans. Inkludert er også 4-retter middag og ½ flaske vin.

Frå 18.45 til ca. 22.15 då bussen tek dykk tilbake til hotellet for overnatting.



Torsdag 04.september

Frukost

På heimvegen reiser gruppa med SAS og British Airways

Bussen hentar og køyrer begge gruppene til Edinburgh flyplass samtidig.

SAS har avgang Edinburgh kl. 11.45 via Oslo med ankomst Bergen kl. 17.05

BA har avgang Edinburgh kl. 13.45 via London(LHR) med ankomst Bergen kl. 19.45

Reisefakta.

Flyreise Bergen – Edinburgh t/r

Flyskatter

Busstransfer flyplass-hotell

Buss t/r hotell- Vikingfestival 1dag

Buss rundreise 3 dager

Skandinavisktalende guide på rundreisa

Sightseeing i Edinburgh m/Edinburgh
Castle

Jamies Scottish Evening

Buss transfer Kings Manor –Jamies

Evening/R

5 netter i dobbeltrom.

5 frukost,3 middag hotell

Busstransfer hotell- flyplass

